

Bibelroman

ANMELDT BOK

BODIE & BROCK THOENE

Da Jesus gråt

roman i serien Jerusalem-kroniken


307 s., hf.

Hermon forlag 2014

I denne bibel-romanen, om jeg kan bruke et slikt uttrykk, er Lasarus, mannen som Jesus vakte opp fra de døde, hovedperson. Og vi husker at det var i møte med de sørgende i Betania, at det meget korte bibelverset i Johannes 11, 35 sier at Jesus gråt. Da var det underet skjedde at Jesus brøt dødens bånd, og Lasarus fikk livet tilbake.

BAKGRUNN OG FANTASI

Denne sterke fortellingen fra Bibelen har Bodie og Brock Thone skildret på skjønnlitterært vis. De



understreker at de på grundig vis har satt seg inn i bakgrunnen for den bibelske beretningen, men har videre brukt fantasien til å utvide

historien. Dette gjør de ved å vise til at Jesus trodde på den kraften som kan ligge i fortellinger, og at bibelhistorien også kan flettes inn i en roman-sammenheng.

FORETREKKER ORIGINALEN

Etterhvert har det kommet mange «bibel-romaner». Om de fører leserne inn til selve kilden, til Bibelen selv, er det positivt. Selv foretrekker jeg originalen som er sterk nok både for tro, tanke og fantasi og derved gjør romanformen unødvendig i denne sammenheng.

Boken er oversatt til norsk ved Laila Dahl Karlsen.

Audun Mosevoll

Eg har knapt nokon gong før sett artiklar eller bøker som har teke føre seg det emnet som dr. philos. og førsteamanuensis i historie Frode Ulvund går gjennom her.

Særdeles interessant om jødeparagrafen

ANMELDT BOK

FRODE ULVUND:

Fridomens grenser 1814-1851

Handhevinga av den norske «jødeparagrafen»

Spartacus forlag 2014, hf.; 378 sider

Me har lese mange bøker om 1814 i år, om Grunnlova, om Eidsvoll – og om det famøse forbodet mot jødar i paragraf 2. Men knapt har eg nokon gong før sett korkje artiklar eller bøker som har teke føre seg det emnet som dr. philos. og førsteamanuensis i historie Frode Ulvund går gjennom her. Korleis vart dette forbodet praktisert? Kor mange jødar var det det eigentleg galdt? Korleis var rettsforståinga og – praksisen?

Og lat meg nemna med det same: Å få ei slik fagbok om eit så spennande emne, på solid nynorsk – det er bonus på bonus! Strålande!

FÅ PERSONAR

Kva er det Ulvund har funne ved ei nitid gransking av kjeldene? Mykje forvitneleg! At det i alle fall var svært få personar dette eigenleg galdt. Få jødar var i Noreg før 1814, og få prøvde å koma inn i landet i tiåra etterpå. Det vart som kjent heller ikkje den

store straumen etter 1851. Det har aldri vore, og er heller ikkje i dag, noko stort tal jødar som bur hjå oss og er norske borgarar. Så kva var og er då «problemet»? Ja, ein kan undrast.

Ulvund skriv mykje om det reint rettslege; ikkje minst at Kristian 5. si lov av 1683 ikkje vart sett ut av kraft då unionen med Danmark vart oppløyst i 1814. I denne lova var også tilhøvet til jødar regulert. Og «opninga» i lova for at jødar kunne opphalda seg og busetja seg her hjå oss, var svært liten. I ein viss grad praktiserte ein leidebrev; kanskje kan det samanliknast med dagens visum. Nytt for meg var at sefardiske jødar (vestjødar) hadde større rett til leidebrev enn askenasjødar (austjødar). Då jødeforbodet i Grunnlova vart fjerna i 1851, vart også forbodet i Kristian 5. si lov av 1683 endra seinare same året. Først då hadde jødar fri rett til å opphalda seg og eventuelt busetja seg her hjå oss.

Dei to første jødane som paragrafto fekk konsekvensar for, var brørne A. M. og J. M. Goldschmidt. Elles treng ein ikkje meir enn to tre hender for å telja dei jødane dette kom til å gjelda, fram til 1851. Nokre var handverkarar, til dømes eit par optikkarar,

ei songarinne, musikarar og andre kunstnarar. Men mange av dei kom her, eller freista koma hit, avdi dei driv innan finans eller handel (merkantil verksemd). Difor skriv Ulvund også at jødeparagrafen i ikkje liten grad var handelsnæringa sin paragraf. Det var i desse laga av samfunnet at ein var mest glad for at forbodet i paragrafto fantest!

MICHAEL JONAS

Av særleg interesse er saka om skipet som vart skadd, og måtte søkja naudhamn i Bergen i november 1847. Om bord var ein jødisk handelsreisande; Michael Jonas. Han hadde ikkje tenkt seg til Noreg, men hamna altså her ufrivillig. Politimester Friele sette straks i gang eit apparat for å utvisa han. Jonas fekk bu nokre dagar i Bergen i starten, rett nok, men så bar det austover

med han, saman med ei vakt; til hovudstaden. Den reisa tok sanneleg nokre dagar midt på vintren! Så var det planen å få frakta han til Gøteborg, og derifrå til England. Dette vart også gjort. Heile saka kosta politimeisteren 240 spesidalar.


Så kom etterspelet, som er like

«spennande», for sentralstyremaktene meinte at Friele hadde sendt han vekk før han hadde fått grønt ljøs til dette, og sende no krav til Friele om at kostnadane for dette måtte han betala sjølv. Noko Friele sette seg imot. Og det vart rettssak, som til slutt gjekk i Friele sin favor.

Lesaren legg også tydeleg merke til sakene der folk i Hambro-familien kom til Noreg, i samband med at den nye norske nasjonen var så godt som bankrott. Hambro-familien var jødar, og hadde ikkje rett å koma hit. Men dei hadde mykje kapital, og var villige å gje lån til Noreg. Og Ulvund fortel nokså usminka at då var det greit. Då kunne dei oversjå religionen deira!

DEFINISJON AV JØDE

Det kjem tydeleg fram at ein definerte jøde som ein som utøvde jødisk religiøs praksis. Dei som hadde teke imot kristen dåp, eller også konvertert, som det ofte vart kalla, vart ikkje rekna som jødar, korkje av jødane sjølve eller av ikkje-jødar. Ulvund meiner at det ikkje ligg noko etnisk motivering bak skepsisen og mistrua til jødar. Truleg også av denne grunn er ikkje saka om Israelsmisjonen sin kjende leiar gjennom mange tiår – Carl Paul Caspari – nemnt. Han var fullt ut (etnisk) jøde frå Tyskland. Hadde teke imot kristen dåp, og vart etter kvart professor i teologi ved Teologisk fakultet ved Universitetet i hovudstaden her hjå oss.



Fascinerande og lærerikt om Dovrefjell

ANMELDT BOK

KARL H. BROX (TEKST) OG ØIVIND LEREN (FOTO)


Over Dovrefjell

langs pilegrimsled og kongevei

Museumsforlaget 2014

1b 228 sider

har nok også reist gjennom dette fjellområdet med bil eller tog. Berre ei slik gjennomreise gjer inntrykk. Snøhetta reiser seg majestetisk og Drivdalen er trolsk. Det nedlagde militære skytefeltet på Hjerkin, har også sett området på kartet – saman med moskusane som vi finn her.



etter kvart lese mange bøker med utgangspunkt i naturen og ulike landskapsområde, men denne trur eg overgår alle. Eg har kjørt over Dovrefjell nokre gonger, og eg har gått litt i fjellet der – seinast i sommar. Det var dumt at eg ikkje hadde lese denne bok før det, fordi her lærte eg mykje som eg ikkje viste om området når det gjeld natur-, kultur- og kyrkjehistorie. Den kunnskapen vi her får, gjer det meir interessant og fascinerande å ferdast både i bil og til fots.

Dovrefjell er naturmessig svært innholdsrikt. Her, særleg i trak-

tene ved Kongsvold Fjellstue, er det eit uvanleg rikt planteliv, inkludert ein fjellhage med imponerende mange plantesorter. Ikkje nokon annan stad i Skandinavia finn vi så mange fjellplanter på eit avgrensa område som her. Også dyrelivet er uvanleg rikt, særleg gjeld dette rein, moskus og fjellrev. Og fuglelivet er heilt spesielt, særleg ved Fokstummyra. Dovrefjell er som naturområde særmerkt ved at det er eit høg fjell mellom fjordar og lågare innland. Her er fleire naturreservat og nasjonalparker.

LETTGÅTT I GODT VÆR

Frå eldgamalt tid har det vore ferdsluseruter over dette fjellområdet,

både for vanlege folk, for kongar og for pilegrimar som skulle til Nidaros og Olav Den Heilage. Det er desse vandrerutene som er utgangspunktet og leietråden i boka. Vi vert så presenterte for det vi kan sjå og finna langs vegane, og det er ikkje lite. Det har dessutan budd folk svært lenge her, og her har i tillegg til fangst og jordbruk, vore gruvedrift. Fjellstover med høve til overnatting og mat, har alltid vore viktig. Naturen er med sine opne område barsk i dårleg vær, men mykje er lettgått i godt vær.

HEILT I TOPPEN

Både bilete og tekst er viktig i ei slik bok, og begge delar er svært

«Enige og tru til Dovre fell», sa eidsvoldsfedrene. Dovrefjell er det norskaste av det norske, og vi har vel alle eit forhold til denne delen av landet vårt. Mange